



Årsmelding og rekneskap 2003
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Årsmelding	1
Resultatrekneskap	6
Balanse	7
Rekneskapsprinsipp	8
Notar	10
Kontantstraumoppstilling	20
Meldingar	21
Tillitsvalde	22
Presentasjon av Bjørgum Mekaniske AS	23

Årsmelding 2003

Banken sitt 105. rekneskapsår

Bankåret

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har den glede å kunna leggja fram ein rekneskap for 2003, banken sitt 105. rekneskapsår, som viser tilfredsstillande tal. Innteninga på ordinær bankdrift er god og banken gjev utbytte til aksjonærane sine, og resultatet styrkjer banken sin eigenkapital.

Veksttakten i fastlandsøkonomien vart sterkt redusert i første del av år 2003. Produksjonsveksten i industrien stansa opp, og innteninga i næringslivet vart svekka. Investeringane utanom oljesektoren fall, og vi opplevde ei auka arbeidsløysa. Norske verksemdar tapte marknadsandelar både heime og ute. Konkurransesevna til verksemdene var vesentleg svekka som fylgje av høg kronekurs og dyre lønsoppgjær. Vi opplevde også internasjonal lågkonjunktur som fylgje av krig, terror og SARS-sjukdom. Høg lønsvekst gjennom fleire år, låg inflasjon og markert rentefall gav folk flest meir pengar i hendene. Den auka kjøpekrafta vart i stor grad nytta til auka forbruk. Dette var positivt for økonomien.

Noregs Bank sette ned styringsrenta heile 7 gonger med til saman 4,5 prosentpoeng, til 2,5 prosent. Dette førde til ei svekking av kronekursen – noko eksportnæringa var svært nøgd med. Dei hadde tidlegare signalisert utflytting av produksjonen til lågkostland.

Generelt opplevde næringslivet mange utfordringar gjennom året. Dei internasjonale flyselskapa sleit. I Noreg har SAS iverksett store spareprogram med oppseiing av fleire hundre tilsette for å møte konkurransen i flymarknaden. Sterk krone, overproduksjon med påfylgjande fallande prisar kombinert med høg lånegjeld, førde oppdrettsnæringa inn i ei ny krise. Noregs største rederi, Bergesen, vart seld til Hong Kong. Etter store tap på utlån, vart Nordlandsbanken seld til Den norske Bank(DnB). DnB NOR vart Noregs største finanskonsern etter samanslåinga av Gjensidige NOR og DnB.

Med avslutninga av krigen i Irak, vart ein vesentleg usikker faktor på verdas finansmarknad fjerna. Dette førde til ny optimisme og børsoppgang våren og sumaren 2003. Oslo Børs slutta opp 16,5% første halvår. Børsåret slutta svært sterkt med ein auke på 48% for heile året. Investorane ser positivt på framtida.

Mange makroøkonomar meiner at konjunkturane internasjonalt vil styrka seg utover i 2004. Lågt rentenivå og svekka kronekurs kan gje von om styrking av den norske økonomien i året som kjem.

Bygda i 2003

Voss Fjellheisar hadde sitt beste år nokon gong med sesongopning så tidleg som 2. november 2002. Bygda kan garantera gode skitilhøve for dei fleste skigreiner, mellom anna ved hjelp av kunstig snø. Den 25. januar var det ei vellukka opning av det nye skianlegget i Myrkdalen, som hausta lovord for gode nedfartsløyper - den lengste er over 2000 meter.

Det var folkefest og jubel i Bavallen med arrangement av årets siste renn og finale i World Cup Freestyle. Kari Traa fekk 3. plass i kulekøyning. Her hadde ho sjanse til å vinna verdscupen samanlagt i kulekøyning, men det vart 2. plass. Revansje fekk ho ved å vinna finalen i kulekøyning parallellslalåm, som sikra henne 3. plassen samanlagt. Dessutan vart ho noregsmeister i kulekøyning, medan Stian Overå sikra seg 3. plassen. Kari Trå vann også kulekøyning og parallell kulekøyning i VM i Deer Valley i USA. Vidare vann Kari verdscupen samanlagt. Dette er ein kombinasjon av greinene kulekøyning, hopp og skicross. Spenstig jente med spenstig tittel – World Cup Freestyle Champion. Fortent fekk ho også prisen for "styrke, hurtighet og spenst" under idrettsgallaen på Hamar.

Egil Gjelland og Tor Halvor Bjørnstad sikra seg fleire medaljar i NM i skiskyting. Egil fekk 1. plass i 10 km sprint og 3. plass i 20 km normaldistanse. Tor Halvor fekk to andre plassar på dei same løpa. Egil fekk dessutan 2. plass i 15 km fellesstart.

Kristen Skjeldal klarde ikkje å kopiera medaljefangsten frå året før, men det vart to 3. plassar i NM i langrenn 50 km klassisk og duathlon fellesstart 7,5 km klassisk og 5 km fristil.

Lars Bystøl fekk 3. plass i NM i hopp stor bakke på Lillehammer, og var dessutan med på å sikra 3. plassen i VM i laghopp i Val di Fiemme i Italia.

Eirik Haugo på snøbrett, fekk 2. plass i NM på Geilo i tevlinga hopp. Årets beste plassering vart likevel 3. plassen, plassen bak Terje Håkonsen, i åpent EM i Livigno i Italia.

På Årungen sikra Inger Anne Himle Halrynjo seg 3. plass i NM i singelsculler. Rojenta satsar friskt frametter og kjempar om ein plass i dobbeltsculler som skal kvalifisera seg til sommar-OL i Athen.

Blant juniorane utmerka Linda Mørkve seg. Ho fekk NM-gull i skiskyting, jaktstart. Spreke pensjonistar finst også. Ivar Nesheim (75) tok bronse i 15 km klassisk i veteranVM i Seefeld i Austerrike.

Ein mindre kjend Noregsmeister frå Voss er Nils Tore Fjose med hunden "Ulvar." I NM for brukshundar fekk dei 1. plass i lydighet og rundering.

2003 har vore eit bra år for mange verksemdar. Entreprenørbransjen har hatt mykje arbeid mellom anna i Miltzowsgata og på Tvildemoen med bustadbygging, og med hytter i Bavallen, på Sandfjellet og i Myrkdalen. Fleire entreprenørar har hatt arbeid utanom bygda i Vik, Aurland, Utne og Vaksdal.

I juni vart det omfattande arbeidet med Vossestrand Omsorgstun på Framnes sett i gang.

Ei nyvinning innan bilbransjen på Voss var samlokaliseringa av fire bilforhandlarar i Skulestadmo. Verksemda har fått namnet Biltunet Voss AS. Nybygg for felles salslokale for Madza, Hyundai, Nissan, Volvo, Renault og Ford er under oppføring.

Voss Stein vart tildelt "Bedriftsprisen for 2002." Verksemda held i hevd skifertradisjonen i bygda. Skifermurstein er eit svært populært produkt, som kan sjåast kring tunnelmunningar og som vegmurar fleire stader på Vestlandet.

Forsvaret lanserte planar om flybombing i øvingsområdet rundt Mjølfjell. Dette sette sinna i kok hjå friluftsfolk, hytteeigarar og heile turistnæringa i området. Saka vart også løfta opp på politisk nivå i Voss kommune og i Hordaland Fylkesting. Dette var narturleg, då bombinga kjem i konflikt med UNESCO sitt arbeid med vern av landskapet kring Nærøyfjorden. Heldigvis tok Forsvaret til vit og la bort planane. Flyvåpenet har tross alt andre alternativ.

Dei 400 hytteeigarane på Mjølfjell kunne gleda seg over opning av eit nytt Mjølfjell Servicesenter med butikk, utstyrsavdeling for hytter, kafé og våtromsanlegg for gjester og andre farande.

Cruisetraffikken til Flåm og Gudvangen var rekordstor i 2003. Dette har store ringverknader for transportselskapa og hotella på Voss, som serverte 30.000 lunsjgjester. Voss og Fjordane Guideservice med sine 60 guidar hadde eit rekordår. Fleire og fleire av båtfolket ynskjer å ta del i aktivitetstilbod på land. Flåmsbana er populær. Likeins "vikingplassen" og grotta i Gudvangen. Innmelde cruiseanløp for 2004 ligg alt over 2003.

Voss kommune sitt eigedomsselskap sit på nøkkelen til Nordisk Språkteknologi sin vidare lagnad. Etter at vossingane har tapt 50 millionar kroner på dette IT-eventyret, vert det vonaleg att noko aktivitet frametter. Men i det gamle regimenthuset på Tvildemoen er det god fart. Sju verksemdar har etablert seg med 17 tilsette, hovudsakleg innan IT, revisjon og rådgjeving. I det gamle Magasinet er det verkstad og salslokale for mange brukskunstnarar på Voss.

På grunn av utbygging på Tvildemoen må tråvbana flyttast. Det vert no arbeidd med etablering av eit komplett hestesport-anlegg på Grjotland med treningsløyper, stallar, utstillingsplass og bane. Fire vossingar satsa 1,6 millonar kroner på ein ny buss med plass til 10 hestar, salong til 8 personar og liggeplass til 4. Ingen kan seia at vossingane ikkje er interesserte i hest! På Voss jordbruksskule vart ein ny innandørs ridehall med stallar på 1300 rutemeter innvigd.

Heile landet fekk sjå Vossebygda frå si beste side i strålende sol i ei NRK-sending 17. mai. I sju ulike innslag fekk Kari Trå og Kjell Fuglehaug synt fram mykje av mangfoldet på ein slik dag. Svært vellukka og god reklame for bygda. Vossingen Stig Hernes var programleiar for det populære programmet "Norge Rundt." Mange flotte innslag frå Voss og andre plassar på Vestlandet. Vossingen Arne Hjeltnes, den populære

programleiar for "Gutta på Tur," vann Kringkastingsprisen for 2003. Av aktivitetar elles kan nemnast at Vossajazz sin 30. festival vart musikalsk og økonomisk vellukka.

"Ekstremsportveko" i juni er eit arrangement som vert større år for år. Dette er faktisk eit av dei største arrangement i verda innanfor si grein. Oppbodet av pressefolk vert berre større og større, like eins innslaga på ymse TV-kanalar. Eit variert program trekte til seg mange tilreisande.

Voss Cup i fotball, med omlag 9000 tilreisande, vart på ny ein stor suksess. Dette er landets største cup for dei yngste fotballspelarane. Det går mellom anna med 500 kg pølser, 5000 porsjonar potetmos, 12.000 kartongar mjølk, 500 kg pålegg og 30.000 brødskeer!

Vossingane er kjende for sitt store engasjement innanfor frivillige lag og organisasjonar, som arbeider for og med ungdom. I kommunen er det heile 37 idrettslag med allsidige idrettsaktivitetar. Vidare finn vi mellom anna fot- og handballklubb, 9 ungdomslag, fleire musikkorps og lag, speidarørsla, kristetelege lag og ten-sing, køyre- og rideklubb, skyttarlag og Røde Kors.

I september vart det arrangert ein vellukka Roots & Blues festival. I byrjinga av oktober vart den årlege smalahovefestivalen arrangert. Seinare i månaden var det den årlege Osafestivalen. Begge arrangementa er populære tilskipingar med god oppslutnad.


I november fekk Tverrangerhuset bak banken nye eigarar. I fyrste høgda vert det ny helseklinikk etter omfattande oppussing. Det er kjekt å sjå at einskildpersonar tek vare på det gamle miljøet på Vangen. Det skal også verta spennande å sjå kva aktivitetar det vert i Gamlemeieriet, Gamle Posthuset og Haalandshuset. Det vitnar om dristig satsing. Heile dette bygningsmiljøet ligg tett inntil torget, som no har vorte skikkeleg flott med brustein og skifer, ny tilplantning og ny "miljøgate." Dette er godt nytt for Vangen.

Vekselbanken i 2003

Driftsresultatet til banken for 2003 er tilfredsstillande. Den ordinære bankdrifta går godt. Resultat etter tap og skatt er om lag 0,5 mill. kr. betre enn året før. Dette skuldast i stor grad avkastninga på banken sine verdipapir. Føresetnaden om vidare drift er lagd til grunn for årsrekneskapan.

Likviditeten til banken har vore god gjennom heile året. Banken er nøgd med at det er ein positiv tilgang på innskotsmidlar frå bygda. Styret i banken har heilt medvite freista å tilgodesjå kundane med gode vilkår på innskot.

UTVIKLING ÅRSRESULTAT






Gjennom året har det vore stor aktivitet i banken. I gjennomsnitt har omlag 400 kundar vorte ekspedert i kassane i Vangsgata og 100 kundar i Haugamoen, dagleg. Dette har òg ein samanheng med at banken er gebyrfri på betalingsformidling. I 400 lånesaker har vorte handsama.

I 2003 har banken satsa vidare på at private og bedrifter skal kunna utføra betalingstransaksjonar via internett. På dette viset får kundane tilgang til banken heile døgeret. Interesse frå kundane er stor. Meir enn 2200 kundar nyttar NettBank, og nett-transaksjonar er auka med 50 prosent gjennom året. Prisen på tenestene er svært konkurransedyktige, då dei for tida er gratis.

I takt med kundar sin auka bruk av kort som betalingsmiddel, har bedriftskundane til banken teke i bruk stadig fleire butikk-terminalar. For tida er om lag 140 terminalar og 5 minibankar utplasserte. Omsetnaden i butikkterminalane har auka med om lag 20 prosent gjennom året.

Innskota til banken har auka med vel 6 prosent i år. Dette er banken nøgd med, då eigne innskot er vurdert som den billigaste måten over tid å finansiera utlånsverksemd på. Innskotsutviklinga til banken er difor viktig for den daglege innteninga. Dermed er banken i stand til å tilby kundane gunstige vilkår på banktenester, og vi har med glede konstatert ein auka tilgang på nye kundar i 2003.

UTVIKLING I RÅDVELDEKAPITAL



Banken sin eigenkapital er styrka frå 142,9 til 151,6 mill.kr. i 2003. Eigenkapitaldekninga er på solide 16,9 prosent ved årsskiftet. Det lovmessige kravet til eigenkapitaldekning er 8 prosent. Kravet til kjernekapital (aksjekapital og beskatta fonds) er 4 prosent av risikovekta balanse. Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har 16,7 prosent kjernekapital ved årsskiftet. Sjå note 22.

Det er viktig at banken aukar eigenkapitalen årleg. Dermed kan banken også auka det totale engasjementet overfor kundane sine, og halda tritt med trongen for nye investeringar. Kredittilsynet krev at storleiken på eit engasjement med ein kunde ikkje må overstiga 25 prosent av netto ansvarleg kapital. I år 2004 kan såleis Voss Veksel- og Landmandsbank ASA ha engasjement på omlag 37 mill. kr. til ein kunde.


Banken sin samla rådveldekapital har auka med 7,2 prosent i 2003. Auken kjem av innskotsauke og banken sitt overskot på drifta. Banken har for tida ikkje konkrete planar om aktivt å tilby tenester utanfor Voss med omland.

Innskot

Samla innskot frå kundar auka i 2003 med 67,7 mill. kr. til 1.170 mill. kr., eller med 6,1 prosent. Auken i 2002 var 12,7 prosent.

Innestående på folio-, spare- og skattetrekkskonti er 176 mill. kr., ein auke på 16 mill. kr. Innskot på høgrentekonti er på 136 mill. kr., ein reduksjon på 6 mill. kr. På vekstkonti er det innestående 270 mill. kr., ein auke på 25 mill. kr. Særvilkår har hatt ein auke på 26 mill. kr., med totalt innestående 393 mill. kr. Når det gjeld Bustadsparing med Skattefrådrag for Ungdom er det teikna totalt 19 mill. kr., ein auke på 2 mill. kr. Løns- og honnørkonti har ein auke på 6 mill. kr., med totalt innestående 175 mill. kr.

INNSKOTSUTVIKLING



Vekselbanken har eit godt rentetilbod til kundane sine. Banken ser det som ynskjeleg at dei generelle tilhøva for sparing i bank vert betra. Vi er glade for at innskotskundane har slutta opp om banken, og vi ser fram til vidare framgang i 2004. Sjå elles note 18.

Finansiell risiko

Styret har vedteke ein låg/moderat risikoprofil for banken sin finansielle risiko. Hovudtype av finansiell risiko ligg i ei renteendring vedkomande banken sin obligasjonsportefølje og vesentleg kursnedgang på Oslo Børs. Sjå note 25 til rekneskapen.

Kredittrisiko

Risikoen for tap på utlån og garantiar vert vurdert som moderat. Overvakinga skjer regelmessig ved gjennomgang av misleghald, overtrekk, økonomioppfølging av kundane, og utvikling av verdien på banken si sikkerheit.

Næringslivsengasjement vert systematisk risikoklassifisert etter mottak av rekneskap. Banken nyttar ein modell der hovudvekta vert lagd på kunden sin resultatrekneskap, eigenkapital og verdi av deponert sikkerheit. Privatengasjement vert vurdert etter belåningsgrad i høve til samla inntekt og verdi av deponert sikkerheit.

Verdipapir

Banken sin handelsportefølje av obligasjonar er bokført til marknadsvardi 30,2 mill. kr. Banken si beholdning av obligasjonar som skal haldast til forfall er bokført til 4,1 mill. kr. Ved ei generell renteendring på 1 prosent vil handelsporteføljen sin verdi verta endra med 0,85 mill. kr. Banken har gjennom året redusert porteføljen av sertifikat og obligasjonar med 10,8 mill. kr. Sjå note 13.

Banken har ved årsskiftet redusert kontantar og innskot i bankar og Noregs Bank med 32,8 mill. kr., til samla 106,8 mill. kr. Sjå note 10 til rekneskapen.

Banken har auka si eksponering i aksjar med 4,6 mill. kr. i 2003. Omlag 3,9 mill. kr. er plassert i grunnfondsbevis, og 3,4 mill. kr. er investert på hovudlista, og 1 mill. kr. er investert på den unoterte lista. Sjå note 15 til rekneskapen.

Netto tap på aksjar som er anleggsmiddel er bokført med 1,0 mill. kr., mot 0,05 mill. kr. i fjor. Sjå note 8 og 12.

Kredittilsynet har fastsett eit likviditetskrav på at minst 6 prosent av banken si netto gjeld skal vera plassert i stats- og stats-garanterte papir. Banken har 6,6 prosent av netto gjeld i slike papir, og har ei overdekning i høve til desse krava på 6,5 mill. kr.

Banken har pantsatt obligasjonar pålydande 10 mill. kr. for å kunne trekkja på Noregs Bank si daglege låneordning. Sjå elles note 24 til rekneskapen.

Likviditetsrisiko

Banken sin likviditetsrisiko er låg. For tida utgjør innskota 94 prosent av brutto utlån. Utanom særvilkårsmot, med ein månads oppseiing, har ikkje banken fast rente som standardvilkår, korkje på innskot eller utlån. Banken sine verdipapirplasseringar er i det alt vesentlege vurdert som likvide og lett omsettelege.

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er berre knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjør omlag 1,0 mill. kr.


Risikostyring

Styret har etablert tilfredsstillande tiltak for risikostyring, og fastsett rammer for risikoeksponering. Vedteken risikoprofil er moderat. Endringar på verdien av samla renteberande verdipapirplasseringar må haldast innanfor to prosent av den samla porteføljen ved ei endring på ein prosent i det generelle rentenivået. Alle verdipapirplasseringar vert rapporterte og gjennomgått på styremøta.

Utlån

Bedriftskundar vert klassifiserte etter inntening, eigenkapital og verdi av deponert sikkerheit. Privatkundar vert klassifiserte etter inntening og verdi på deponert sikkerheit. Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisast. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko.

UTLÅNSUTVIKLING



Dei samla utlåna til banken i 2003 er auka med 139,3 mill. kr., eller 12,6 prosent. Året har vore prega av stor konkurranse på utlånsmarknaden.

Samla volum på kassakreditt og brukskontokreditt er minka med 6 mill. kr. Byggelåna er redusert med 3 mill. kr. Volumet på rehabilitering, påbygg og generell omvøla av bygningar held seg stabil.

Nedbetalingslåna har auka med 148 mill. kr. Auken fordeler seg med omlag 88 prosent på privat-kundemarknaden og 12 prosent på næringsverksemdar. Sjå note 11.

Garantiar

Banken har ved årsskiftet eit samla garantiansvar på 25,9 mill. kr. Garantiar fordelt etter garantitype er spesifisert under note 23.

Avsett til dekning av tap på utlån

Banken har pr. 31.12.03 bokført netto tap på utlån og garantiar med 2,6 mill. kr. Konstaterte tap i 2003 er bokført med 2,5 mill. kr., mot 1,7 mill. kr. året før. Dei uspesifiserte tapsavsetjingane er vurderte som tilstrekkelege. Avsetjing til tap vert vurdert når eit engasjement er misleghalde i 90 dagar ved manglande innbetaling. Når det gjeld tap på utlån og garantiar og banken sine tapsavsetjingar, viser vi til note 7.

I 2003 har banken halde fram sitt arbeid med å redusera tapa. Banken har gjennom året medverka til nyinvesteringar og auka aktivitet i bygda ved tildeling av nye lån. Dette kan påføra vår bank nye tap på utlån. Likevel forventar banken ikkje noko høgare tapsnivå for 2004 enn året før. Styret vurderar banken sine avsetjingar som tilfredsstillande ut i frå den risiko som ligg i engasjementa.

Resultatrekneskapen

Banken har netto rente- og kredittprovisjonsinntekter på 41,0 mill. kr., mot 38,9 mill. kr. året før. Rentenettoen tilsvarar 3,04 prosent av gjennomsnittleg rårdveldekapital, mot 3,19 prosent året før.

Banken sine renteinntekter er 84,2 mill. kr. i 2003. Dette er 6,24 prosent av gjennomsnittleg rårdveldekapital. Renteutgiftene er 43,1 mill. kr., som er 3,20 prosent av gjennomsnittleg rårdveldekapital. Banken har endra dei generelle rentevilkåra seks gonger i 2003 – samla ned med 4,25 prosentpoeng.

Provisjonsinntektene til banken er på 3,9 mill. kr. Desse inntektene er omlag berre halvdel av gjennomsnittet for norske forretningsbankar. Det skuldast at banken ikkje har gebyr på girotenester. Netto verdiendring og vinst/tap på valuta og verdipapir er bokført med ein vinst på 2,3 mill. kr., mot eit tap på 2,2 mill. kr. i fjor. Andre driftsinntekter utgjør 0,1 mill. kr. i 2003. Dei samla driftskostnadane til banken viser ein auke på 2,9 mill. kr. samanlikna med året før.

Ekspedisjonskontoret

Den 7. november kunne banken markera eit års jubileum for



ekspedisjonskontoret i AMFI kjøpesenter på Voss. Kjøpesenteret er på 7.500 kvadratmeter og har 26 butikkar av ymse slag. Banken tilbyr alle vanlege banktenester utanom utlån. Nattsafe og minibank er tilgjengeleg heile døgeret. Gjennom opplæring av dei tilsette, rullering og omorganisering har dei totale personalkostnadane for banken vore omlag uendra. Kontoret har hatt ei positiv utvikling med god kundetilstrøyming.

Personalet

Ved utgangen av 2003 hadde banken 20 tilsette på heiltid og 6 på deltid. Banken har 22,6 årsverk.

Samla lønsutgifter i 2003 utgjorde 8,6 mill. kr. Styret i banken vil påskjøna dei tilsette med kr. 2.500,- netto for god arbeidsinnsats i 2003. Sjå note 5.

Pensjonsordninga

Utrekning av pensjonskostnader og forpliktingar etter Norsk Rekneskapsstandard er føreteke av aktuar. Gjennom medlemskap i Finansnæringens Arbeidsgiverforening pliktar Vekselbanken å tilby avtalefesta førtidspensjon (AFP) til tilsette i banken frå fylte 62 år. Kr. 384.000,- er ført som kostnad i år 2003.

På banken si kollektive pensjonsforsikring har avkastninga på pensjonsmidlane vore større enn pensjonskostnaden. Såleis er kr. 122.000,- ført som netto inntekt i resultatrekneskapskapen. Pr. 31.12.03 er pensjonsmidlar vurdert til marknadsvardi 18,5 mill. kr. Utrekna framtidig pensjonsforplikting er 17,9 mill. kr.

Banken nyttar lineær premieutrekning av dei framtidige pensjonskostnadane. Den kollektive pensjonsordninga omfattar 25 aktive medlemmer, 1 person 40% AFP, 1 person 100% AFP og 3 pensjonistar. Dei årlege pensjonsutbetalingane vert G-regulert. Sjå note 17.

Årsoverskotet

Årsoverskotet for 2003 er kr. 11.582.340,- etter skattekostnad kr. 4.231.516,-.

Styret rår til at overskotet vert nytta slik:

Utbytte for 2003 (30 kr.)	kr. 2.850.000
Overført til annan egenkapital	<u>kr. 8.732.340</u>
Sum overføring og disposisjonar	<u>kr. 11.582.340</u>

Arbeidsmiljøet

I 2003 har banken halde fram med å betra arbeidsmiljøet i banken. Det er lagt vekt på at arbeidsplassar, arbeidslokalet, maskinanlegg og miljøet elles skal vera så tenleg og triveleg som mogeleg for dei tilsette og for kundane våre. Det har ikkje vore registrert skader på personar eller materiell. Sjukefråværet har gjennom året vore 2,2 prosent av den totale arbeidstida i banken.

Likestilling

Hovudavtalen mellom Finansnæringens Arbeidsgiverforening og Finansforbundet har eit eige kapittel der likestilling vert omtala. Banken er bunden av denne avtalen og fylgjer den. Banken praktiserer at alle tilsette skal ha dei same mogleheitene for personleg og fagleg utvikling. Banken har 18 kvinner og 8 menn tilsett.

Tryggingstiltak

Det har også i 2003 vore gjort investeringar for å betra tryggingssystemet i banken. Tryggingstiltaka og -rutinane er vurdert som gode. Banken si verksemd forureinar ikkje det ytre miljø.

Utsiktene for år 2004

I banken sitt marknadsområde kan vi rekna med stabil aktivitet, ut i frå dei planane som er kjende. Den tradisjonelle bankdrifta forventar vi vil utvikla seg på linje med fjoråret. Oslo Børs si kursutvikling generelt vil venteleg verta noko positiv også i 2004.

Banken kjenner ikkje til faktorar etter rekneskapsåret sin utgang som er viktig for vurderinga av banken si stilling.

Avsluttande merknader

Styret nyttar høvet til å takka alle kundar og aksjonærar for godt og hyggeleg samband i 2003. Styret takkar òg alle til-litsvalde for deira innsats for banken, og ikkje minst dei tilsette i banken for god innsats og godt samarbeid i 2003.

Voss, 27. januar 2004.

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Astrid Kløve-Graue
Styreformann



Arne Kjell Skeie



Lars I. Kvarekval



Anders Ullestad



Norvald Fretheim



Jan Arveschoug
Banksjef

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i NOK I 000.

	Note	2003	2002
Renteinntekter og liknande inntekter	1	84 158	98 647
Rentekostnader og liknande kostnader	1	<u>43 140</u>	<u>59 723</u>
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter		41 018	38 924
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning		600	867
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	2	3 891	3 705
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester		- 2 721	- 2 249
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	3	2 330	- 2 193
Andre driftsinntekter	4	<u>67</u>	<u>113</u>
Sum andre inntekter		4 167	243
Sum netto inntekter		45 185	39 167
Løn og generelle administrasjonskostnader	5	20 791	18 579
Ordinære avskrivningar	16	1 506	754
Andre driftskostnader	6	<u>3 485</u>	<u>3 499</u>
Sum kostnader		25 782	22 832
Resultat før tap		19 403	16 335
Tap på utlån, garantiar m.v.	7	2 583	1 363
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	8	<u>1 006</u>	<u>50</u>
Netto tap og avskrivningar		3 589	1 413
Resultat før skatt		15 814	14 922
Skatt på ordinært resultat	9	<u>4 232</u>	<u>3 866</u>
Resultat for rekneskapsåret		11 582	11 056
Disponering av overskot:			
Utbytte på aksjar		2 850	2 850
Overført til annan eigenkapital		<u>8 732</u>	<u>8 206</u>
Sum disponert		11 582	11 056

BALANSE

Alle tal i NOK 1 000.

Note **31.12.03** **31.12.02**

EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar		66 218	38 780
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	10	40 614	100 858
Utlån til og fordringar på kundar	11	1 244 372	1 105 089
-Spesifiserte tapsavsetjingar	11	- 23 261	- 24 586
-Uspesifiserte tapsavsetjingar	11	- 23 536	- 22 036
Netto utlån og fordringar på kundar		1 197 575	1 058 467
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	13, 14	34 300	45 147
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	15	16 527	11 906
Varige driftsmidlar	16	6 176	6 323
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottokne inntekter	17	11 868	19 125
SUM EIGNELUTAR		1 373 278	1 280 606

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar		12 193	0
Innskot frå og gjeld til kundar	18	1 169 834	1 102 143
Anna gjeld		22 830	18 324
Påløpne kostnader og mottokne ikkje opptente inntekter		3 302	4 265
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	19	4 482	3 969
Ansvarleg lånekapital	20	9 000	9 000
Sum gjeld		1 221 641	1 137 701

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar à kr. 100,-)	21	9 500	9 500
Sum innskoten eigenkapital		9 500	9 500

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital		142 137	133 405
Sum opptent eigenkapital		142 137	133 405
Sum eigenkapital	21	151 637	142 905

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

Garantiar	23	25 940	26 107
Pantsetjingar	24		

Voss, 27. januar 2004


Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Astrid Kløve-Graue
Styreformann



Anders Ullestad



Arne Kjell Skeie



Norvald Fretheim



Lars I. Kvarekval



Jan Arveschoug
Banksjef

REKNEKAPSPRINSIPP

Banken sitt årsoppgjer er utarbeidd i samsvar med gjeldande lover og forskrifter for bankar og med god rekneskaps-skikk.

Det er ikkje gjort endringar i rekneskapsprinsipp frå 2002.

Periodiseringar

Renter, provisjonar, gebyr og aksjeutbytte

Renter og provisjonar vert inntektsført etter kvart som dei vert opptente. Etableringsgebyr som vert belasta kunden ved låneopptak, vert inntektsført fullt ut i etableringsåret, då dei berre dekkjer kostnadane knytta til låne-etableringa.

Inntekter og kostnader

Forskotsbetalte inntekter og påløpne kostnader av noko omfang, vert periodiserte og registrerte som gjeld. Opptente inntekter vert inntektsført og registrert som fordring. Forskotsbetalte kostnader av noko omfang vert balanseført.

Utlån, misleghald og tap på utlån og garantiar

Utlån er vurdert til nominell verdi, med unntak av engasjement som har vore gjenstand for tapsavsetjingar.

Misleghaldne og tapsutsette engasjement

Misleghald av eit engasjement føreligg når engasjementet ikkje vert betalt i samsvar med låneavtalen, og det er gått meir enn 90 dagar sidan avtalt forfall, eller når det samanhangande har vore overtrekt i 90 dagar. Kortvarig betalingsutsetjing vert ikkje sett på som misleghald. Andre tapsutsette engasjement er definert som engasjement der det ikkje føreligg misleghald, men der kunden si økonomiske stilling medfører at tap må påreknast.

Lån med endringsavtale

Lån med endringsavtale føreligg der rentevilkåra er vesentleg lågare enn ordinære rentevilkår. Banken sin portefølje av lån med endringsavtarar er ikkje vesentleg i høve til samla utlån, og neddiskontering til noverdi er ikkje føreteke.

Konstaterte tap

Som konstaterte tap vert rekna alle tap som er fastsett gjennom konkurs, ved stadfesta akkord, eller der kravet etter nærare vurdering vert rekna som uoppnåeleg.

Spesifiserte avsetjingar

Tapsutsette lån vert vurderte kontinuerleg med omsyn til behovet for spesifisert tapsavsetjing. Ved vurdering av tapsavsetjinga sin storleik vert det teke omsyn til kunden sin økonomi, verdi av trygd, samt tiltak iverksett overfor kunden. Spesifiserte tapsavsetjingar relatert til utlån vert registrerte som reduksjon på brutto utlån. Spesifiserte tapsavsetjingar på garantiar vert registrerte som eigen post under "Avsetjing for påløpne kostnader og forpliktingar".

Uspesifiserte avsetjingar

Uspesifisert avsetjing er avsetjing til dekning av tap som på grunn av tilhøve på balansedagen, må påreknast å inntreffa på engasjement som ikkje er identifisert og vurdert etter reglane om spesifisert tapsavsetjing.

Nullstilling av renter

Inntektsføring av renter og provisjonar på lån vert stansa når eit engasjement er vurdert som tapsutsett, og den vurderte trygda samt kunden si økonomiske stilling tilseier at spesifisert tapsavsetjing må gjennomførast.

Verdipapir

Verdipapirporteføljen vert inndelt i:

- handelsportefølje
- anleggsporfølje

Handelsporteføljen

Obligasjonar, grunnfondsbevis og aksjar er verdsett til marknadsvardi på balansedagen.

Anleggsporføljen

Aksjar som er bestemt for varig eige er klassifisert som anleggsaksjar.

Anleggsaksjar er vurdert til kostpris. Dersom aksjen sin verkelege verdi er lågare enn bokført verdi, og verdinedgangen ikkje er av mellombels karakter, er anleggsaksjen skriven ned til verkeleg verdi.

Anleggsobligasjonane er vurderte til kostpris. Overkurs / underkurs vert periodisert lineært i resterande løpetid.



Bygningar, maskiner og utstyr

Fast eigedom og varige driftsmidlar er registrert i balansen til kostpris etter frådrag for akkumulerte av- og nedskrivningar. Driftsmidlar som skal avskrivast vert avskrive lineært i den økonomisk levetida, etter fylgjande satsar:

Bygningar	5%
Maskiner, inventar	20%
Edb-utstyr	30%

Pensjonskostnader og pensjonsforpliktingar

Pensjonsordninga vert handsama i samsvar med "Norsk Regnskapsstandard for Pensjonskostnader". I samsvar med standarden vert pensjonsordninga handsama som ein ytelsesplan. Pensjonskostnad består av noverdi av pensjonsopptening i året, rentekostnad av påløpt pensjonsforplikting og forventna avkastning av pensjonsmidlane. Pensjonskostnadane er registrert under "Løn og generelle administrasjonskostnader".

Overfinansiering av pensjonsforpliktinga er registrert under posten "Opptente ikkje betalte inntekter og forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader".

Ved rekneskapsavsluttinga vert estimerte verdiar nytta ved verdsetjing av pensjonsmidlane og ved måling av påløpne forpliktingar. Desse estimata vert korrigererte kvart år i samsvar med oppgåve frå Storebrand Pensjonstjenester AS over utrekna verdi av pensjonsmidlane og aktuarmessige berekningar av forpliktinga sin storleik. Verknaden av estimatendringar og avviket mellom estimert og faktisk avkastning vert resultatført over gjennomsnittleg resterande oppteningstid når avviket overstig 10% av det største av pensjonsmidlane og pensjonsforpliktinga.

Utanlandsk valuta

Behaldning av utanlandsk valuta er verdsett etter midtkurs på Oslo Børs på balansedagen.

Skatt

Utsett skatt vert utrekna på grunnlag av mellombelse skilnader mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar ved utgangen av rekneskapsåret. Ved utrekning vert nominell skattesats nytta. Skatteaukande og skattereduserande mellombelse skilnader innan same tidsintervall vert vurdert mot kvarandre. Pensjonsmidlar vert vurdert særskilt. Utsett skattefordel oppstår dersom ein har mellombelse skilnader som gjev opphav til skattemessig frådrag i framtida.

Årets skattekostnad består av endringar i utsett skatt, årets betalbare skatt korrigert for for lite / for mykje avsett tidlegare år.

NOTAR TIL REKNESKAPEN

Alle tal i NOK I 000.

Note 1 Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter

	2003	2002
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	6 412	8 615
Renter og liknande inntekter av utlån til og fordringar på kundar	75 661	86 766
Renter og liknande inntekter av sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	2 085	3 266
Sum renteinntekter og liknande inntekter	84 158	98 647
Renter og liknande kostnader på gjeld til kredittinstitusjonar	64	7
Renter og liknande kostnader på innskot frå og gjeld til kundar	41 360	58 086
Renter og liknande kostnader på ansvarleg lånekapital	832	832
Andre rentekostnader og liknande kostnader	884	798
Sum rentekostnader og liknande kostnader	43 140	59 723
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	41 018	38 924

Note 2 Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester

	2003	2002
Garantiprovisjon	178	171
Andre gebyr- og provisjonsinntekter	3 713	3 534
Sum provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	3 891	3 705

Note 3 Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar

	2003	2002
Netto verdiendring og gevinst/tap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	249	- 31
Netto verdiendring og gevinst/tap på aksjar og andre verdipapir med variabel avkastning	1 713	- 2 227
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta	368	65
Sum netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	2 330	- 2 193

Note 4 Andre driftsinntekter

	2003	2002
Driftsinntekter faste eigedomar	0	74
Andre driftsinntekter	67	39
Sum andre driftsinntekter	67	113

Note 5 Løn og generelle administrasjonskostnader

	2003	2002
Løn	8 577	8 041
Pensjonar	262	140
Sosiale kostnader	2 553	2 161
Administrasjonskostnader	9 399	8 237
Sum løn og generelle administrasjonskostnader	20 791	18 579

	Bank- sjef	Formann i repr.skapet	Medl. av repr.skapet	Medl. av styret	Medl. av kon- trollnemnda
Løn	794	0	0	0	0
Anna godtgjersle	145	11	37	244	51
Årsverk i rekneskapsåret		22,6			
Kostnader til rentesubsidiering av lån til tilsette i rekneskapsåret		158			

Note 6 Andre driftskostnader

	2003	2002
Driftskostnader faste eigedomar	1 224	1 144
Andre driftskostnader	2 261	2 355
Sum andre driftskostnader	3 485	3 499

Godtgjersle til ekstern revisor (inkl. meirverdiavgift)

Revisjonshonorar	163	186
Rådgjeving	25	37

Note 7 Tap på utlån, garantiar og kredittap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir

	2003	2002
Bokførte tap		
Endring i spesifiserte tapsavsetjingar	- 1 325	- 2 098
Endring i uspesifiserte tapsavsetjingar	1 500	2 000
Konstaterte tap som det tidlegare år er avsett tapsavsetjing for	2 319	1 531
Årets konstaterte tap som det tidlegare år ikkje er føreteke spesifiserte tapsavsetjingar på	143	119
Inngang på tidlegare års avskrivne tap	- 54	- 189
Sum tap på utlån, garantiar og kredittap på sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir	2 583	1 363
Sum tap gjeld tap på utlån til kundar.		

Note 8 Nedskrivning / gevinst / tap på verdipapir som er anleggsmidlar

	2003	2002
Nedskrivning av aksjar	0	0
Tap ved realisasjon av aksjar	1 006	50
Sum nedskrivning / tap aksjar som er anleggsmidlar	1 006	50

Note 9 Skatt på ordinært resultat

	2003	2002
Utrekning av betalbar inntektsskatt		
Resultat før skattekostnad	15 814	14 922
Kostnader utan skattefrådrag	16	16
Ikkje skattepliktig inntekt	- 600	- 890
Endring i mellombelse skilnader	- 1 475	- 425
Sum skattegrunnlag	13 755	13 623
Betalbar skatt 28%	3 851	3 814
Årets skattekostnad		
Betalbar inntektsskatt	3 851	3 814
For mykje avsett skatt forrige år	- 35	- 67
Endring utsett skatt	416	119
Sum årets skattekostnad	4 232	3 866

Spesifikasjon av grunnlag for utsett skattefordel / utsett skatt:**Skilnader som kan utliknast**

	31.12.02	31.12.03	Endring
Omløpsmidlar	- 3 474	1 848	- 5 322
Anleggsmidlar	- 1 551	- 1 344	- 207
Sum skattereduserande skilnader	- 5 025	504	- 5 529
Utsett skattefordel, 28%	- 1 407	141	- 1 548

Skilnader som ikkje kan utliknast

Pensjonsmidlar	8 004	3 960	4 044
Utsett skatt, 28%	2 241	1 109	1 132
Netto utsett skatt	834	1 250	- 416

Note 10 Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar

	2003	2002
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar utan avtalt løpetid	47	5 326
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar med avtalt løpetid	40 567	95 532
Sum utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	40 614	100 858

Note 11 Utlån til og fordringar på kundar

	2003	2002
Kasse-, drifts- og brukskredittar	31 690	37 537
Byggelån	6 804	9 856
Nedbetalingslån	1 205 878	1 057 696
Brutto utlån	1 244 372	1 105 089
Spesifiserte tapsavsetjingar	- 23 261	- 24 586
Uspesifiserte tapsavsetjingar	- 23 536	- 22 036
Sum netto utlån og fordringar på kundar	1 197 575	1 058 467

Utlån og garantiar fordelt på marknader

	Brutto utlån 2003	Brutto utlån 2002	Garantiar 2003	Garantiar 2002
Voss og omland	933 170	864 786	16 962	16 536
Resten av landet	311 202	240 303	0	0
Sum	1 244 372	1 105 089	16 962	16 536

Utlån, garantiar og misleghaldne engasjement fordelt på nærings- og privatkundar

	Nærings- kundar 2003	Nærings- kundar 2002	Privat kundar 2003	Privat kundar 2002
Brutto utlån	344 437	327 438	899 935	777 651
Garantiar	16 409	15 967	553	569
Misleghaldne engasjement	1 239	7 309	14 089	4 180
Unyttta kassakreditt og liknande	48 452	37 267	10 760	5 867
Tapsutsette engasjement	113 354	99 724	12 933	24 192
Spesifiserte tapsavsetjingar	18 702	19 363	4 559	5 223

Utlån fordelt på risikogrupper**Næringskundar**

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Unyttta kassa- kr. og likn.	Spes. taps- avsetjingar
Låg risiko	A	56 470	3 020	6 050	153
Middels risiko	B	187 584	5 969	24 703	5 714
Høg risiko	C	39 134	234	844	12 130
Ikke klassifisert		61 249	7 186	16 855	705
Sum		344 437	16 409	48 452	18 702

Privatkunder

Risikoklasse	Kl.	Brutto utlån	Garantiar	Unyttta kassa-kr. og likn.	Spes. tapsavsetjingar
Låg risiko	A	542 845	334	6 490	0
Middels risiko	B	329 769	219	3 943	0
Høg risiko	C	27 321	0	327	4 559
Sum		899 935	553	10 760	4 559

Næringskunder

Klassifisering av næringskunder skjer på grunnlag av kunden si økonomiske stilling og verdi av trygd i depot. Klassifisering av økonomisk stilling skjer på grunnlag av utrekna nøkkeltal for likviditet/soliditet og rentabilitet, som tel 50% kvar. I samla engasjement inngår i tillegg til samla lån, unyttta kredittar, garantirammer og påløpne renter.

Personkunder

Risikoklassifisering skjer etter belåningsgrad og verdi av trygd i depot.

Retningslinjer for kredittgjeving krev at risiko skal prisast. Låg risiko vert prisa lågare enn høg risiko. Dette gjeld begge risikogrupper.

Forskyvingar mellom risikogrupper gjennom året

Det har berre vore uvesentlege forskyvingar mellom risikogrupper i året.

Totalt misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

	2003	2002	2001	2000
Brutto misleghaldne lån	15 328	11 489	21 705	25 252
Spesifiserte tapsavsetjingar	3 035	4 563	5 595	5 191
Netto misleghaldne lån	<u>12 293</u>	<u>6 926</u>	<u>16 110</u>	<u>20 061</u>
Andre tapsmerka engasjement	126 287	123 916	128 118	141 003
Spesifiserte tapsavsetjingar	20 226	20 023	21 090	24 327
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån	<u>106 061</u>	<u>103 893</u>	<u>107 028</u>	<u>116 676</u>
Netto tapsutsette engasjement	<u>118 354</u>	<u>110 819</u>	<u>123 138</u>	<u>136 737</u>

Spesifiserte og uspesifiserte tapsavsetjingar på utlån til og fordringar på kundar

Spesifiserte tapsavsetjingar	2003	2002
Spesifiserte tapsavsetjingar pr. 01.01	24 586	26 685
Konstaterte tap i perioden der det tidlegare er føreteke tapsavsetjingar	- 2 319	- 1 531
Endring i spesifiserte tap i perioden	1 680	2 962
Nye spesifiserte tap i perioden	1 278	2 466
Tilbakeføring av spesifiserte tapsavsetjingar i perioden	- 1 964	- 5 996
Spesifiserte tapsavsetjingar pr. 31.12	<u>23 261</u>	<u>24 586</u>

Det er ikkje føreteke tapsavsetjingar på utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar eller på garantiansvar.

Uspesifiserte tapsavsetjingar	2003	2002
Uspesifiserte tapsavsetjingar pr. 01.01	22 036	20 036
Uspesifiserte tapsavsetjingar i perioden	1 500	2 000
Uspesifiserte tapsavsetjingar pr. 31.12	<u>23 536</u>	<u>22 036</u>

Påløpne, ikkje inntektsførte renter

	2003	2002
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 01.01	512	495
Inntektsføring av tidlegare periodar sine renter på utlån	- 411	- 488
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som har gått ut av balansen	0	0
Perioden sine påløpne, ikkje inntektsførte renter på utlån som er identifisert som tapsutsett	187	505
Påløpne, ikkje inntektsførte renter på balanseført utlån pr. 31.12	<u>288</u>	<u>512</u>

Forventa nivå på tap dei neste 2 åra

Banken sin kredittrisiko vert overvaka gjennom rapport over misleghaldne engasjement og jamnleg gjennomgang og vurdering av risiko-klassifisering. Tapsutsette engasjement vert ekstra overvaka.

Når det gjeld framtidige tap i banken sin næringsportefølje forventar vi eit tapsnivå på linje med bokført tap i år. For privatmarknaden er situasjonen den same. I år fordeler dei konstaterte tapa seg på 47% (1,1 mill. kr.) for næringskundar og 53% (1,3 mill. kr.) for privatkundar. Brutto utlån fordelt på risikogrupperne utgjer 27,6% for næringskundar og 72,4% for privatkundar.

Storparten av tapsavsetjingane som er gjort, gjeld tapsavsetjingar i risikoklasse C, d.v.s. høg risiko.

Forventa tap i høve til forventa renteinntekter

Samla bokførte tapsekostnader i høve til brutto renteinntekter frå utlån utgjer for 2003 3,4%. Med føresetnad om eit uendra tapsnivå, kombinert med auke i utlån og uendra rentenivå, vil dette forholdstalet verta noko redusert.

Note 12 Lån til tilsette og tillitsvalde samt nærstående av same

Tilsette	2003
Leiande tilsette	2 456
Sum tilsette	7 571

Lån til tilsette er ytt på generelle vilkår for tilsette i banken fastsett i intern avtale.

Tillitsvalde	2003
Medlemer i representantskapet og kontrollnemnda	1 600
Medlemer i styret	5 241

Vilkår og krav til trygd for tillitsvalde og som ikkje er tilsette, er i samsvar med gjeldande regelverk.

Note 13 Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning

Samla sum sertifikat og obligasjonar	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Gjennomsn. effektiv rente
Utstedt av det offentlege	152	167	167	13,00 %
Utstedt av andre	34 116	34 093	34 133	5,64 %
Sum sertifikat og obligasjonar	34 268	34 260	34 300	5,68 %
Herav børsnoterte verdipapir	34 268	34 260	34 300	5,68 %

Sertifikat og obligasjonar som inngår i handelsporteføljen

Handelsportefølje	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Gjennomsn. effektiv rente
Utstedt av det offentlege	152	167	167	13,00 %
Utstedt av andre	29 995	30 012	30 012	5,51 %
Sum handelsportefølje	30 147	30 179	30 179	5,56 %
Herav børsnoterte verdipapir	30 147	30 179	30 179	5,56 %

Banken har ikkje sertifikat og obligasjonar som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen.

Sertifikat og obligasjonar som er anleggsmidlar

Anleggsmidlar	Kost- pris	Marknads- verdi	Bokført verdi	Skildnad bf.v og pålydande	Gjennomsn. effektiv rente
Stats- og statsgaranterte	0	0	0	0	0,00 %
Finansinstitusjonar	0	0	0	0	0,00 %
Utstedt av andre	4 121	4 080	4 121	-65	6,11 %
Sum anleggsmidlar	4 121	4 080	4 121	-65	6,11 %
Herav børsnoterte verdipapir	4 121	4 080	4 121	-65	6,11 %

Alle verdipapir er i norsk valuta.

Gjennomsnittlig effektiv rente er rekna ut frå innbetalte renter i løpet av året sett i høve til gjennomsnittleg bokført verdi av porteføljen.

Beholdningsendring obligasjonar som er anleggsmidlar

	2003
Inngående balanse pr. 01.01	24 902
Tilgang	0
Avgang	- 20 781
Reklassifisering	0
Periodisering over-/underkurs	0
Nedskrivning i rekneskapsåret	0
Utgående balanse pr. 31.12	<u>4 121</u>

Note 14 Ansvarleg lånekapital i andre føretak

	2003	2002
Ansvarleg lånekapital bokført som obligasjonar og som er handelsportefølje	<u>5 003</u>	<u>5 000</u>
Av dette ansvarleg lånekapital i andre finansinstitusjonar	<u>5 003</u>	<u>5 000</u>

Note 15 Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning

	2003
Aksjar og grunnfondsbevis som inngår i handelsporteføljen	8 350
Aksjar og grunnfondsbevis som er omløpsmidlar utanom handelsporteføljen	0
Aksjar og andelar som er anleggsmidlar	<u>8 177</u>
Sum aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	<u>16 527</u>

Aksjar, andelar og grunnfondsbevis

	Tal aksjar	Eigarandel i prosent	Kost- pris	Marknads verdi	Bokført verdi
Aksjar - handelsportefølje					
DSND Inc.	21 400	0,0265	981	406	406
Ementor	165	0,0001	6	20	20
Norsk Hydro	5 000	0,0019	1 975	2 062	2 062
Statoil ASA	210	0,0000	15	16	16
Telenor ASA	20 000	0,0011	525	870	870
Oslo Børs Holding ASA	4 548	0,0910	432	828	828
Romsdals Fellesbank ASA	1 884	0,3952	117	215	215
Andre aksjar, ikkje spesifisert			0	0	0
Grunnfondsbevis - handelsportefølje					
Indre Sogn Sparebank	2 600	0,4111	402	315	315
Sparebanken Rogaland	2 800	0,0371	714	896	896
Sparebanken NordNorge	10 550	0,1599	1 792	1 931	1 931
Sandnes Sparebank	3 000	0,0769	381	465	465
Sandnes Sparebank Nye	1 000	0,0769	125	125	125
Hol Sparebank	1 900	0,4750	200	201	201
Sum aksjar og grunnfondsbevis - handelsportefølje			<u>7 665</u>	<u>8 350</u>	<u>8 350</u>
Herav børsnoterte verdipapir			7 665	8 350	8 350
Aksjar som er anleggsmidlar					
Diverse aksjar			7 014		8 177
Sum aksjar som er anleggsmidlar			<u>7 014</u>		<u>8 177</u>
Herav børsnoterte verdipapir			0		0
Sum aksjar, andelar og grunnfondsbevis			14 679		16 527

Beholdningsendringar aksjar og andelar som er anleggsmidlar

Inngående balanse pr. 01.01	2003	1 304
Tilgang		0
Avgang		- 4 292
Reklassifisering		7 879
Nedskrivning / reversering i rekneskapsåret		3 286
Utgående balanse pr. 31.12		8 177

Note 16 Varige driftsmidlar

	Maskiner, inv, transportm.	Bankbygning, faste eiged.	Sum
Kostpris pr. 01.01	13 596	3 669	17 265
Tilgang	1 486	0	1 486
Avgang	0	- 127	- 127
Kostpris pr. 31.12	15 082	3 542	18 624
Akkumulerte av- og nedskrivningar pr. 31.12	10 433	2 015	12 448
Bokført verdi pr. 31.12	4 649	1 527	6 176
Ordinære avskrivningar i år	1 356	150	1 506
Banken sine eigedomar vert kun nytta i eiga næring.			

Note 17 Forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter

	2003	2002
Opptente, ikkje mottekne inntekter	4 111	7 456
Overfinansiering av pensjonsforplikting	7 192	11 139
Andre forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader	565	530
Sum forskotsbetalte, ikkje påløpne kostnader og opptente, ikkje mottekne inntekter	<u>11 868</u>	<u>19 125</u>

Banken har ei kollektiv pensjonsordning for 26 tilsette. I tillegg har banken forpliktingar, knytte til AFP-ordning for tilsette, som det er gjort avsetjing for. Estimerte verdiar som vert nytta ved måling av påløpne forpliktingar vert kvart år korrigererte i samsvar med oppgåve over pensjonsmidlane sin flytteverdi og aktuarberekning av storleiken på forpliktinga.

Fylgjande faktorar er lagt til grunn for utrekning av forpliktinga knytte til pensjonar

	2003	2002
Diskonteringsrente	6,00 %	6,00 %
Årleg lønsvekst	3,00 %	3,00 %
Årleg auke i Folketrygda sitt grunnbeløp, G	3,00 %	3,00 %
Årleg regulering av pensjonar	3,00 %	3,00 %
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	7,00 %	7,00 %
Forventa uttak AFP frå fylte 62 år	50,00 %	50,00 %
Forventa avgang tilsette: Vert gradert frå 8% for aldersgruppe 20-24 år og ned til 0% for 51-åringar og eldre.		

Pensjonskostnad i året

	2003	2002
Noverdi av pensjonar opptent i perioden	676	637
Rentekostnader av påløpne forpliktingar	987	914
Forventa avkastning på pensjonsmidlane	- 1 546	- 1 495
Netto pensjonskostnader i året	117	56
Løpande kostnader AFP	29	26
Resultatførte estimatavvik	116	58
Netto pensjonskostnader	262	140

Sikra og usikra pensjonsforplikting

	Sikra	Usikra
Noverdi av opptente pensjonsyttingar	- 14 601	- 3 278
Pensjonsmidlar (til marknadsverdi)	18 551	0
Netto pensjonsmidlar	3 950	- 3 278
Ikkje resultatførte estimatavvik	3 241	445
Arbeidsgjevaravgift	0	- 399
Balanseført pensjonsforplikting	7 191	- 3 232

Note 18 Innskot frå og gjeld til kundar

	2003	Eff. rente	2002
Innskot frå og gjeld til kundar utan avtalt løpetid	746 112	2,93 %	706 941
Innskot frå og gjeld til kundar med avtalt løpetid	423 722	4,76 %	395 202
Sum innskot frå og gjeld til kundar	1 169 834	3,61 %	1 102 143
Herav inneståande på særvilkårskonti med 1 mnd. oppseiingstid	393 102	4,79 %	367 360

Effektiv rente er berekna på grunnlag av bokført renteinntekt mot gjennomsnittleg saldo gjennom året. Banken har ikkje innskot og gjeld til kundar i utanlandsk valuta.

Note 19 Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar

	2003	2002
Pensjonsordning AFP	3 232	3 135
Utsett skatt	1 250	834
Sum avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	4 482	3 969

Note 20 Ansvarleg lånekapital

Forfallsstruktur	Rentesats	2003	2002
Forfall 14.06.05, NOK	Fast årleg, 9,25%	9 000	9 000

Kostnader med administrasjon av ansvarleg lånekapital er uvesentleg.

Note 21 Eigenkapital

Banken sin aksjekapital på NOK 9 500 000 består av 95 000 aksjar à kr. 100,- pr. aksje.

Banken sine vedtekter § 8-6 har fylgjande reglar om stemmerett: "I generalforsamlinga kan ingen røysta for meir enn ein tidel av alle aksjar med røysterett eller gje fleire røyster enn ein femdel av dei røystene som er representerte på generalforsamlinga. Likt med aksjeeigarane sine egne aksjar skal ein rekna aksjar som er eigde av personar, selskap eller andre som står i eit slikt forhold til aksjeeigaren som nemnt i finansinstitusjonslova §2-6.

I tillegg er røysteretten i generalforsamlinga avgrensa slik:

- 1 - 10 aksjar gjev 1 røyst
 - 11 - 20 aksjar gjev 2 røyster
 - 21 - 40 aksjar gjev 3 røyster
 - 41 - 100 aksjar gjev 4 røyster
- Fleire enn 100 aksjar gjev 5 røyster som er det høgste røystetal nokon kan ha."

RISK pr. aksje

Fastsett RISK pr. 01.01.03	82,27
Estimat for 2003	81,00

Aksjonærar som eig meir enn 1% av aksjane i banken

	Antal aksjar	Eigarandel
Voss Sparebank	9 499	9,99 %
Den norske Bank ASA	6 972	7,34 %
Sparebanken Hardanger	4 591	4,83 %
Tine Pensjonskasse	4 080	4,29 %
Kvinnherad Sparebank	3 047	3,20 %
Marta Nesheim	1 827	1,92 %
Verdipapirfondet Avanse	1 150	1,21 %
Nils Erling Ødegaard	1 096	1,15 %
Joh. Rasmussen & Rac.	1 000	1,05 %
August Ringvold Agenturer	950	1,00 %

Aksjar eigd av tillitsvalde og personleg nærstående av desse

Styremedlemer

Arveschoug, Jan, Banksjef	48
Kløve-Graue, Astrid	548
Kvarekval, Lars I.	458
Skeie, Arne Kjell	271
Ullestad, Anders	30

Representantskapet og kontrollnemnda

Bryn, Gunn Bjørg	42	Knapstad, Bjørg	413
Baartvedt, Kjell Ove	10	Lemme, Lars Even	273
Dyrdal, Ivar	120	Loven, Olav	62
Dyrud, Olav	590	Senderud, Johan	66
Fostås, Svein	372	Slettemark, Reidun	20
Faaberg, Lidvard	3	Tennebekk, Åse Karin	54
Gjerde, Bård	11	Tveit, Mons	301

Endring i eigenkapitalen

	Aksje- kapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Eigenkapital pr. 01.01	9 500	133 405	142 905
Resultat i året		11 582	11 582
Utbytte		- 2 850	- 2 850
Eigenkapital pr. 31.12	<u>9 500</u>	<u>142 137</u>	<u>151 637</u>

Note 22 Kapitaldekning

Ansvarleg kapital

	2003	Prosent	2002	Prosent
Bokført eigenkapital	151 637	17,26 %	142 905	17,93 %
Netto overfinansiering pensjonsforplikting	- 5 178	- 0,59 %	- 8 020	- 1,01 %
Sum kjernekapital	<u>146 459</u>	<u>16,67 %</u>	<u>134 885</u>	<u>16,92 %</u>

Tilleggs kapital utover kjernekapitalen

	2003	Prosent	2002	Prosent
Ansvarleg lånekapital	9 000	1,03 %	9 000	1,13 %
Reduksjonar 5 siste år	- 7 200	- 0,83 %	- 5 400	- 0,68 %
Netto ansvarleg lånekapital	<u>1 800</u>	<u>0,20 %</u>	<u>3 600</u>	<u>0,45 %</u>
Brutto ansvarleg kapital	148 259	16,87 %	138 485	17,37 %
Reduksjonar av ansvarleg lånekapital som ikkje kan reknast med	0	0,00 %	0	0,00 %
Netto ansvarleg kapital	<u>148 259</u>	<u>16,87 %</u>	<u>138 485</u>	<u>17,37 %</u>

Berekningsgrunnlag

Eignelutar frå balansen	884 870	795 252
Berekningsgrunnlag handelsporteføljen	31 292	39 008
Postar utanom balansen	9 626	9 719
Tapsavsetjingar som ikkje kan reknast med	- 46 797	- 46 622
Ansvarleg kapital i andre finansinst. som ikkje kan reknast med	0	0
Totalt berekningsgrunnlag	<u>878 991</u>	<u>797 357</u>

Kapitaldekning	16,87 %	17,37 %
Herav tilleggs kapital	- 0,20 %	- 0,45 %
Sum kjernekapital	<u>16,67 %</u>	<u>16,92 %</u>

Note 23 Garantiar

	2003	2002
Betalingsgarantiar	3 858	4 266
Kontraktsgarantiar	7 260	7 070
Garanti overfor Forretningsbankenes Sikringsfond	8 978	9 571
Andre garantiar	5 844	5 200
Sum garantiar	<u>25 940</u>	<u>26 107</u>

Note 24 Pantsetjingar

Av banken sin obligasjonsportefølje er obligasjonar pålydande 10,0 mill. NOK, bokført til 10,0 mill. NOK, pantsett til Noregs Bank som trygd for D-lånstrekk. Pr. 31.12 er denne retten ikkje nytta.

Note 25 Finansiell risiko

Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko er risikoen for at banken i ein gitt situasjon ikkje er i stand til å refinansiera seg i tilstrekkeleg grad til at banken kan møte sine forplikingar. Det er i hovudsak 3 tilhøve som har innverknad på likviditetsrisiko;

- 1) balansestruktur: Banken har liten skilnad i omløpsfart og bindingstid på aktiva og passiva, og har såleis eit lågt refinansieringsbehov.
- 2) likviditeten i marknaden: Denne er vurdert til god.
- 3) kredittverdighet: Kredittverdighet kjem til uttrykk gjennom banken sin rating. Viktige element i ratingen er banken sin soliditet, likviditet, inntening, risikoprofil og porteføljekvalitet. Banken er ratet på same nivå som bankar ein kan samanlikna seg med.

Avtalt løpetid for hovudpostar i balansen	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Utan løpetid	Totalt
Kontantar og fordringar på sentralbankar	49 840	0	0	0	0	16 378	66 218
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	40 614	0	0	0	0	0	40 614
Utlån til og fordringar på kundar	42 768	18 115	96 703	353 008	733 778	0	1 244 372
- tapsavsetjingar	0	0	0	0	0	- 46 797	- 46 797
Obligasjonar, sertifikat og liknande	0	0	0	29 300	5 000	0	34 300
Øvrige eignelutar	7 916	0	0	3 859	0	22 796	34 571
Sum eignelutar	141 138	18 115	96 703	386 167	738 778	- 7 623	1 373 278
Innskot frå og gjeld til kundar	1 182 027	0	0	0	0	0	1 182 027
Øvrig gjeld med restløpetid	18 288	6 225	0	0	0	6 101	30 614
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	9 000	0	0	9 000
Eigenkapital	0	0	0	0	0	151 637	151 637
Sum gjeld og eigenkapital	1 200 315	6 225	0	9 000	0	157 738	1 373 278
Netto likviditetseksposering på balansepostar	1 059 177	-11 890	-96 703	-377 167	-738 778	165 361	0

Kassekreditt er klassifisert med løpetid inntil 1 måned.

Renterisiko

Renterisiko oppstår som eit resultat av at rentebindingstida for banken si aktiva- og passivside ikkje er samanfallande.

Styringa av banken sine renterisiki skjer gjennom risikorammer gjeve av banken sitt styre. Banken har ingen utlån med fast rente.

	0- 1 mnd	1-3 mnd	3 mnd-1 år	1- 5 år	Over 5 år	Utan rente-eksp.	Totalt
Kontantar og fordringar på sentralbankar	49 840	0	0	0	0	16 378	66 218
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	40 614	0	0	0	0	0	40 614
Utlån til og fordringar på kundar	0	1 238 141	0	6 231	0	0	1 244 372
- tapsavsetjingar	0	0	0	0	0	- 46 797	- 46 797
Obligasjonar, sertifikat og liknande	15 000	15 179	4 121	0	0	0	34 300
Øvrige eignelutar	0	0	0	0	0	34 571	34 571
Sum eignelutar	105 454	1 253 320	4 121	6 231	0	4 152	1 373 278
Innskot frå og gjeld til kundar	0	1 182 027	0	0	0	0	1 182 027
Øvrig gjeld med restløpetid	0	0	0	0	0	30 614	30 614
Ansvarleg lånekapital	0	0	0	9 000	0	0	9 000
Eigenkapital	0	0	0	0	0	151 637	151 637
Sum gjeld og eigenkapital	0	1 182 027	0	9 000	0	182 251	1 373 278
Netto renteeksponering på balansen	- 105 454	- 71 293	- 4 121	2 769	0	178 099	0

Rentefølsemd

Resultatverknad ved renteendring på ein prosent

Handelsportefølje obligasjonar og sertifikat	845
"Halde til forfall" obligasjonar og sertifikat	151

Valutarisiko

Valutarisikoen til banken er knytt til verdiendringar på banken si kontantbeholdning av valuta. Den gjennomsnittlege beholdninga gjennom året utgjer om lag 1,0 mill NOK.

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

Alle tal i heile NOK 1 000.

	2003	2002
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar	91 511	101 331
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	- 45 861	- 61 972
Andre innbetalingar	1 035	1 046
Driftsutbetalingar	- 21 227	- 21 594
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	54	189
Utbetalt utbytte	- 2 850	- 3 325
Betalte skattar	- 3 786	- 4 520
Tilført frå verksemda	<u>18 876</u>	<u>11 155</u>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån	- 141 745	- 95 185
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	67 691	124 046
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	1	167
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	- 6 882	14 659
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	67 158	- 95 078
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	<u>4 476</u>	<u>3 529</u>
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	<u>- 9 301</u>	<u>- 47 862</u>
Investert i varige driftsmidlar	- 1 479	- 3 705
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	<u>14 064</u>	<u>- 299</u>
Netto kontantstraum frå investeringar	<u>12 585</u>	<u>- 4 004</u>
Netto endring likvidar	22 160	- 40 711
Likviditetsbeholdning pr. 01.01	<u>44 105</u>	<u>84 816</u>
Likviditetsbeholdning pr. 31.12	<u>66 265</u>	<u>44 105</u>
Likviditetsbeholdning 31.12 består av		
Kontantar og fordringar på sentralbankar	66 218	38 780
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	<u>47</u>	<u>5 325</u>
Sum likviditetsbeholdning pr. 31.12	<u>66 265</u>	<u>44 105</u>

MELDINGAR

Revisjonsmelding for 2003

Me har revidert årsrekneskapen for Voss Veksel- og Landmandsbank ASA for rekneskapsåret 2003 som syner eit årsoverskot på **kr. 11.582.340**. Me har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og framlegg til bruk av overskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse, kontantstraumoppstilling og opplysningar i notar. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og banksjef. Vår oppgåve er å vurdere og uttala oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Me har utført revisjonen i samsvar med revisorlova og god revisjonsskikk i Noreg. God revisjonsskikk krev at me planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken me treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde deler av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dess-

utan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av formuesforvaltninga og rekneskaps- og intern kontroll-systema. Me meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Me meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit uttrykk for banken si økonomiske stilling 31. desember 2003 og for resultatet og kontantstraumane i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halda fram og om forslaget til bruk av overskot, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Voss, 29. januar 2004

Jostein Bøyum
Statsautorisert revisor

Melding frå kontrollnemnda

Kontrollnemnda har i 2003 føreteke dei kontrollane som nemnda er pålagt etter instruks og gjeldande lover.

Banken sine utlån og pengeplasseringar er kritisk vurdert.

Styreprotokollen, overtrekkslistene og listene over mislegaldne lån er gjennomgått minst ein gong for kvartalet.

Kontrollnemnda har gått gjennom årsmeldinga frå styret, årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Ein har ikkje noko å merka, og vil råda til at rekneskapen for 2003 vert godkjend slik den er oppsett av styret.

Voss, den 30. januar 2004

Lidvard Faaberg
Formann

Kjell Ove Baartvedt

Olav Dyrud

Melding frå representantskapet

Rekneskapen for 2003 har vore handsama i representantskapsmøte den 18. februar 2004 saman med årsmelding frå styret, revisjonsmelding og melding frå kontrollnemnda.

Representantskapet vedtok samrøystes å rå til overfor årsmøtet at:

- rekneskapen for 2003 vert godkjent og overskotet nytta slik som styret gjer framlegg om
- 30 kr. pr. aksje i utbytte vert å betala ut til dei som står registrert som aksjeeigarar i banken pr. 19. mars 2004.

Voss, 18. februar 2004

Ivar Dyrud
Formann

REPRESENTANTSKAPET

Representantar for aksjonærane:

Medlemer:

- Kjøpmann Ivar Dyrdal, Voss
- * Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss
- * Apotekar Olav Dyrud, Voss
- * Lærer Svein Fostås, Voss
- * Lensmann Kjell Ove Baartvedt, Voss
- Fotograf Johan Senderud, Voss
- Næringsdrivande Åse Karin Tennebekk, Voss
- * Kjøpmann Mons Tveit, Voss
- * Kjøpmann Olav Loven, Voss
- Gardbrukar Lars Even Lemme, Voss
- Næringsdrivande Bjørg Knapstad, Voss

Representantar for dei tilsette:

Medlemer:

- * Avdelingsleiar Bård Gjerde, Skulestadmo
- * Kunderådgjevar Johanna Sølberg Fenne, Voss
- * Kunderådgjevar Reidun Slettemark, Voss
- * Kundehandsamar Guri Selheim, Voss

Formann i representantskapet:

- * Kjøpmann Ivar Dyrdal, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Lærer Magne Røystrand, Granvin
- * Dagleg leiar Grete Marie Vikan, Voss
- * Gardbrukar Kjell Arne Lid, Voss
- * Skogkonsulent Trygve Refsdal, Voss
- * Reisebyråkonsulent Aud Grete Ekestad, Voss
- * Rekneskapsjef Bjarne Fosse, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Kundehandsamar Irene Kvarme, Vossestrand
- * Kundehandsamar Ingunn Sognefest, Voss
- * Kundehandsamar Olborg Brekke, Voss

Varaformann i representantskapet:

- * Disponent Gunn Bjørg Bryn, Voss

STYRET

Medlemer:

- * Disponent Astrid Kløve-Graue, Voss, formann
- Gartnar Arne Kjell Skeie, Voss, nestformann
- * Avd.ing. Lars I. Kvarekval, Voss
- Kjøpmann Anders Ullestad, Voss
- * Kunderådgjevar Norvald Fretheim, Skulestadmo
(representant for dei tilsette)
- Banksjef Jan Arveschoug, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Gardbrukar Dagfinn K. Gjøstein, Skulestadmo
- * Rektor Jorunn Lødemel, Voss
- * Avdelingsleiar Arild Stalheim, Skulestadmo
(vararepresentant for dei tilsette)

KONTROLLNEMNDA

Medlemer:

- * Sorenskrivar Lidvard Faaberg, Voss
- * Apotekar Olav Dyrud, Voss,
- * Lensmann Kjell Ove Baartvedt, Voss

Varamedlemer i prioritert rekkefylgje:

- * Rekneskapsjef Bjarne Fosse, Voss
- * Dagleg leiar Jan Geir Jensen, Voss

Tillitsvalde som er merkte med * står på val i 2004

Oljeteknologisk eventyr på Voss

Det skal meir enn ein glasplugg med to kraftige sprengladningar til for å få Stig Ove Bjørgum til å ta av, men i vinter har fleire smellar skapt grunnlag for spennande framtidsvyer. **BJØRGUM MEKANISKE AS** er nemleg på full fart inn som sentral aktør i eit oljeteknologisk eventyr, i tett samarbeid med ei verksemd med base i Bergen. **Total Catcher Offshore AS** har valt å satsa på vossingane i arbeidet med å utvikla sin avanserte og truleg svært så konkurransedyktige sikringsplugg for nybora oljebrunnar.

Tekst: Geir Arne Aspebakken

Foto: Fotograf Senderud AS

– Ja dette er det store prosjektet for tida – vonleg og for framtida, seier ein engasjert, men som vanleg sindig, Stig Ove Bjørgum. Han legg til:

– Det byrja vel for halvanna år sidan, men no har det teke skikkeleg av. Det har vore svært hektisk ein periode i vinter, med stadig testing og utprøving. Me går spennande tider i møte, men lyta halda beina på jorda.

Glaspluggen

I verkstadhallen på Bjørgum har dei i januar fått på plass ei millioninvestering – ein avansert dreiebenk, med tanke på produksjon innan oljeteknologi generelt, og dette nye produktet spesielt. Glaspluggen, som dei til dagleg kallar

"teknologi-babyen", skal erstatta store, og dobbelt så dyre, mekaniske ventilar.

– Og det er sjølvstøtt svært interessant for oljeproducentane. Me er no ferdig med utviklinga og har alt selt ein plugg til Norne-feltet i nord. Statoil har sendt folk frå hovudkontoret til oss her på Bjørgum for å sjå nærare på glaspluggen, og fleire andre har meldt si interesse, fortel Tore Hassel Sørensen, teknisk sjef i Total Catcher Offshore AS (TCO).

Utprøving på Voss

Dette er ei verksemd som solide kapital-krefter i Bergen står bak, mellom dei kaffi-konge og ordførar Herman Friele. Dei har i fylgje Sørensen investert 13 millionar kroner i utviklinga av glaspluggen og har fem mann i arbeid på prosjektet – to av dei stasjonerte på Voss.



Det har vore hektisk i periodar i vinter, med utprøving og testing av "glaspluggen". På slike dagar kan det verta folksamt i verkstadhallen på Bjørgum, som her ein dag tidleg i februar. Legg merke til ståldøra i bakgrunnen som mellom anna vert brukt som tavle for å føra inn test-data. Frå venstre: Jon Magne Pettersen, Stig Ove Bjørgum, Tore Hassel Sørensen, Johannes Himle, Ingvar Herre, Gudleik Klette og Leif Helge Vevatne. Karane i oransje kjeledress kjem frå Total Catcher Offshore AS.

– I tillegg leiger me mykje hjelp frå Bjørgum Mekaniske, samtidig som me nyttar verksemda som felt-base for utvikling og fullskala-utprøving av systemet. Her sliper dei til glaspluggane og lagar dei fleste komponentane som skal til. Her er det verkeleg dyktige "stå-på-folk", skryt Tore Hassel Sørensen.

Sikringsutstyr

Det er altså snakk om sikringsutstyr som skal nyttast nesten i fronten av sjølve produksjonsrøyret som vert ført ned i oljebrunnen, kanskje tusenvis av meter frå havoverflata. Pluggen skal hindra at olje strøymer ukontrollert ut, men når alt er klart vert det pumpa trykk ned i røyret, slik at ei sprenglading går av og pulveriserer glaspluggen. For å ha dobbel sikring er det to parallelle sprengingsmekanismer og ladningar. Løysinga er genialt enkel, men tilhøva langt under havbotn, dimensjonane det er snakk om, krava til funksjonalitet og tryggleik, gjer sjølve produktutviklinga til litt av ei utfordring.

Stort potensiale

Bjørgum Mekaniske AS tok denne utfordringa! Dermed er Voss på veg inn i oljeindustrien – noko som må gle ein tidlegare kommunepolitikar?

– Ja det er klart. Eg vonar dette etter kvart kan gje grunnlag for ny aktivitet og fleire arbeidsplassar. Som sagt så har me alt gjort ei større investering, så dette har eg tru på, svarar Stig Ove Bjørgum.

– Dette kan ta heilt av, det. Me har nemleg utvikla ei enklare løysing, tilpassa mindre oljebrunnar, slike som det finst tusenvis av, mellom annan i Midt-Austen.

Det internasjonale konsernet Maersk har og vist si interesse for denne utgåva av glaspluggen, og her snakkar me om eit verkeleg stort potensiale, legg Tore Hassel Sørensen oppgådd til.

Team-arbeid

Spennande framtidsutsikter for Bjørgum Mekaniske altså. I utgangspunktet snakkar me om eit aksjeselskap. Det er tre tilsette, inkludert dagleg leiar Stig Ove Bjørgum. Medarbeidarane heiter Gudleik Klette og Ingvar Herre.

– To svært dyktige fagfolk. Gudleik er forresten utdanna maskiningeniør. Me diskuterar oss fram til gode løysingar. Her er det verkeleg snakk om team-arbeid, understrekar Stig Ove Bjørgum.

Dei held til i ein verkstadhall på garden Bjørgum, der Stig Ove vaks opp. Lokale leiger han av broren Jarle, som driv garden.

Maskinbyggjar

– Men korleis starta det?

– Eg har vore i momsregisteret sidan 1981, som sjølvstendig næringsdrivande. Det byrja med graving og transport, og eigen verkstad i kjellaren heime. Etter kvart vart det meir og meir jobbing på verkstaden, med utvikling og produksjon av industrimaskiner. Det vart for trangt i kjellaren, så me flytta ut for fire år sidan. No har eg vel drive seriøst som maskinbyggjar i 10 år, fortel Stig Ove Bjørgum.

Og det er maskinbyggjar, og ikkje oppfinnar, han helst vil ha som tittel. Likevel er det evna til å sjå og utvikla nye og kostnadseffektive løysingar som har sikra verksemda stadig nye oppdrag, og så langt har det gått veldig bra.



Ingeniør Gudleik Klette ved den nyeste datastyrt produksjonsmaskina – ei investering Bjørgum Mekaniske har gjort med tanke på framtidig produksjon for oljeindustrien.



Maskinoperatør Ingvar Herre i aksjon ved ein av dei mange maskinene i verkstadhallen til Bjørgum Mekaniske AS.

Pengemaskiner

– Ja, me har til gode å laga ei fiaskomaskin, men den dagen kjem. Me må vera innstilt på det når me byggjer to–tre nye maskiner i året. Det må nemleg vera oppfinnarhøgde i prosjektet, slik at det ikkje berre vert litt betre med den nye maskina. Målet må vera å laga ei god pengemaskin for kunden, humrar maskinbyggjaren.

– Sagt meir alvorleg så er målet vårt å byggja solide og gode industrimaskiner for solide kundar, slik at dei kan tena pengar på produksjonen sin, legg han til.

– Men då snakkar me vel og om effektivisering, automatisering og færre arbeidsplassar?

– Effektivisering og automatisering, ja, men det er ofte naudsynt for å sikra trygge arbeidsplassar. Ta til dømes Hardanger Sylvplett AS i Kinsarvik. Dei har faktisk auka tallet på tilsette monaleg sidan me starta samarbeidet i 1996. Dei nye maskinene gjev og den fordelan at operatøren slepp einsformig arbeid, sler Stig Ove Bjørgum fast.

Faste kundar

Samarbeidet med bestikkprodusenten i Kinsarvik har vore, og er viktig. Det har vorte laga jamt to maskiner årleg til denne kunden og oppdraget har stort sett vore å automatisera. Den siste maskina vart levert i desember. Då var det ein tysk "finhoggar" som Sylvpletten valde å fullautomatisera på Voss.

– Samarbeidet med Hardanger Sylvplett har fungert svært bra og byggjer på gjensidig tillit. Me hadde nok ikkje vore der me er i dag, hadde det ikkje vore for Sylpletten, meiner maskinbyggjaren på Bjørgum.

Den fyrste milepælen var likevel pallespikrar-maskina han laga for AS Skeie Tre i Ulvik i 1996. No har Bjørgum Mekaniske AS fleire faste kundar, som stadig kjem med nye oppdrag, samtidig som nye milepælar altså er i ferd med å rundast.

Men enn så lenge er det ei lita, solid verksemd som sist år hadde ei omsetning på 2,7 millionar kroner. Selskapet har drive med overskot kvart år sidan det vart skipa.

– Me satsar på godt produksjonsutstyr og ei jamn investering, og har kjøpt tre datastyrte produksjonsmaskiner i løpet av seks år, den siste med tanke på oljerealertert produksjon. I samband med slike investeringar har me heile vegen hatt eit godt samarbeid med Vekselbanken, legg Stig Ove Bjørgum til.



Stig Ove Bjørgum ved ei av dei tre datastyrte produksjonsmaskinene til Bjørgum Mekaniske AS.

Stig Ove Bjørgum (46)

Familie: Gift med Eli Grinde, to born: Olav og Synnøve.

Adresse: Bjørgavegen 23, Bjørgum.

Utdanning: Fagbrev som bilmekanikar, har og utdanning som bilelektrikar.

Arbeid: Maskinbyggjar, dagleg leiar i Bjørgum Mekaniske AS.

Fritid og interesser: Var i mange år aktiv innan Noregs Bygdeungdomslag. Framleis aktivt med som tilskipar av Olavspelet på Voss. Lokalpolitikken gav han seg med i 1999, etter to periodar i kommunestyret for Senterpartiet, sist som gruppeleiar då partiet hadde ordføraren. Det viktigaste no, seier han, er tid til friluftsliv saman med familien. Han har nyleg byrja å stå på slalåmski: –Målet er ti dagar på bortoverski og ti dagar på nedoverski i løpet av vinteren!



Vekselbanken

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Postboks 10, 5701 Voss

Telefon: 56 52 35 00

Telefax: 56 51 27 47

E-post: post@vekselbanken.no

Internett: www.vekselbanken.no